



Bli med å rydda strender og kystlinje i Nordhordland og Gulen!

Marin forøpling er ei av vår tids største miljøutfordringar. Plast er identifisert som ein særleg problematisk del av avfallet i og ved havet. Plast har lang nedbrytingstid, og i havet vert nedbrytinga ytterlegare bremsa av låge vasstemperaturar og redusert UV-stråling. Plasten vil over fleire hundre år bli broten ned til mikroskopiske delar, og vert då tilnærma umogeleg å fjerna. Plast i naturen er ein konstant fare for fuglar og anna dyreliv.

Ynskjer du å delta?

Gå til NGIR si heimeside <http://ngir.no/> og klikk på banneret "Vil du rydda ei strand? Registrer ryddeaksjonen her.", så finn du meir informasjon. Eller gå direkte til registrering via linken http://a3.nordhordlandskart.no/ngir_strandrydding. Registrer gjerne ryddedugnaden hjå "Hold Norge Rent" i tillegg, på <http://holdnorerent.no/>.

Utlevering av strandryddesekkar

- Registrer ryddeaksjonen som forklart over, og få sekkar til strandrydding.
- Strandryddesekkar kan hentast på følgjande stader:
 - NGIR sine gjenvinningsstasjonar; Litlås, Manger og Mjåtveit, eller i resepsjonen i Kjevikdalen.
 - Rådhuset (ta kontakt med din kommune for info).
- NGIR kan i nokre tilfelle levera ryddeutstyr til avtalt stad. Ta kontakt for å avklara dette (sjå nedst på arket).
- NGIR kan i nokre tilfelle plassera ut konteinrar til større avfallsmengder. Ta kontakt for å avklara dette (sjå nedst på arket).

Levering/henting av avfall frå strandrydding

- Avfallet frå strandrydding kan du levera gratis ved gjenvinningsstasjonen i Kjevikdalen. Ta kontakt i resepsjonen når du kjem, så avfallet kan verta registrert og vege.
- Det er diverre ikkje mogeleg å levera avfall frå strandrydding på dei andre gjenvinningsstasjonane.
- NGIR kan i nokre tilfelle henta avfallet på avtalt hentepunkt. Ta kontakt for å avklara dette (sjå nedst på arket).
- Avfallet frå strandryddinga må berre setjast fram på hentepunkt etter avtale med NGIR.

Sortering av marint avfall

Jern og metall, dekk og trevyrke, og miljøfarleg avfall, skal leverast for seg, og ikkje samanblanda med resten av det marine avfallet. Ta kontakt for å avtala levering av desse avfallsfraksjonane. Alt anna marint avfall vert handsama som restavfall, og vert sendt til forbrenning med energiutnytting. Dette gjeld óg fiskegarn som ein får plass til i strandryddesekkanen.

Del bilete: Ta gjerne bilete frå strandryddinga og del med oss.

Kontakt oss:

For meir informasjon om strandryddinga, eller for å gjera nærare avtaler om utkøyring av ryddeutstyr eller henting av avfall, ta kontakt med oss på post@ngir.no eller tlf. 56 34 33 10.

Rydd Trygt: Me ynskjer både born og vaksne ei trygg strandrydding. Ein del av skrotet som ein finn i strandsona må ein vera varsam når ein handsamar, og me tilrår difor at born ryddar saman med vaksne. Ta i bruk tryggingsutstyr som redningsvest og hanskar.